



Nasjonal
kommunikasjons-
myndighet

Tertiarrapport 1/2019

Nasjonal kommunikasjonsmyndighet



Oppsummering av utfordringar og risikoar i budsjettåret

I januar vart ansvaret for Nkom flytt frå Samferdselsdepartementet (SD) til Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD), under digitaliseringssminister Nikolai Astrup. Postområdet skal framleis styrast av Samferdselsdepartementet. Overgangen gjer forventingane endå tydelegare til at tenesteområde som Nkom har myndigheitsansvar for, er forventa å fungere og vere sikre og effektive i eit moderne samfunn.

Den administrative overføringa frå SD til KMD var gjeldande frå 3. mai, og leiinga i Nkom har i dei første månadene i år derfor ikkje vorte inngåande kjent med den for oss nye leiinga i KMD. Det er første gong ansvaret for elektronisk kommunikasjon ikkje sorterer under samferdsel, og det er spennande for Nkom å kome tettare inn på dei andre etatane som høyrer under KMD. Vi vil bidra til å finne tilgrensande ansvarsområde og effektivisering der det skulle vere potensial for det.

I desember 2018 arbeidde leiarar og fagforeiningar i Nkom saman om å redefinere organisasjonen sine verdiar. Resultatet vart klart i første tertial. I Nkom skal vi vere framtidsretta i alt vi gjer, vi skal vere engasjerte og profesjonelle.

Slike ord kan stå i fare for å bli innhaldslause, men vi meiner at Nkom sitt oppdrag er avhengig av at vi styrer nettopp med slike verdiar som rettleiarar. Oppgåvene våre kan bli nærmest uendelege store, med elektronisk kommunikasjon over alt i samfunnet. Det er derfor heilt nødvendig å tenkje alternativt, og finne nye arbeidsmetodar der blant anna automatisering blir sentralt for å utføre samfunnsoppdraget.

I årsrapporten for 2018 melde vi om høgt sjukefråvær i nokre grupper. Eit eige opplegg i regi av bedriftshelsetenesta vart sett i verk, og rapportane etter fem månader er optimistiske. Nkom har sagt ja til å dele røynslene våre med ålmenta, og her vil både leiinga, fagforeiningar og representantar for dei tilsette bidra.

Det er høgt arbeidspress på fleire område i organisasjonen, og vi søker heile tida å utnytte ressursane best mogleg. Førebuing til viktige auksjonar og analysar av konkurranseforholda, begge i mobilmarknaden, er store prosessar som går føre seg i desse dagar. Utvikling av system for enklare utbygging av breiband, identifisering av oppgåver under ny tryggleikslov,

og arbeid med neste generasjon naud- og beredskapskommunikasjon, er store oppgåver som saman med blant anna omfattande arbeid med nye oppgåver på postområdet og dagleg produksjon av løyve osv., byr på interessante utfordringar.

Tryggingsarbeidet breier om seg og spenner over alt frå personvern og tilsyn med verksemder til omfattande øvingsverksemder saman med blant andre politiet og Forsvaret. I første tertial har det vore særleg merksemd på forstyrringar av navigasjonssignal innanfor luftfarten, der Nkom kan lokalisere og identifisere kjelder til forstyrringane. Ressursbruken på dette området vil få særleg merksemd frå Nkom framover, fordi nedslagsfeltet for forstyrringane er stort, og Nkom kan ikkje vere til stades overalt. Nye metodar, samarbeidsformer og varslingsrutinar må derfor utviklast.

Nkom held fram arbeidet som vart starta på saman med etatar under SD, blant anna Statens vegvesen. Mobildekning langs nye vegstrekningar er særleg viktig, og Nkom deltek på leiingsnivå i utvalde delar av Nasjonal transportplan. Vi har også vore til hjelp for Nye Veier AS i første tertial.

Nkom avgrensar det internasjonale arbeidet til område der det er nødvendig å delta for å fremje Noreg eller Nkom sine posisjonar. Dette er likevel så omfattande at ei streng prioritering er nødvendig. I Europa har det i første tertial vore noko uro i ein av dei viktigaste organisasjonane i den felleseuropiske reguleringa på vårt område: BEREC. Uraa dreier seg om kven som skal få delta i organisasjonen, dersom landet ikkje er medlem i EU. Direktøren i Nkom er medlem i «styret» i organisasjonen, Mini Board, og spørsmålet om deltaking og posisjon har vore dominerande i første tertial. I desse spørsmåla er det tett kontakt mellom SD og Nkom, for å vareta Noreg sin posisjon.

Lillesand, 7. juni 2019

Elisabeth S. Aarsæther

Elisabeth Sørbøe Aarsæther
direktør
Nasjonal kommunikasjonsmyndighet

Innhaldsliste

1 Robuste, sikre og pålitelege ekomnett og -tenester.....	5
1.1 Risiko- og sårbarheitsvurdering i ekomsektoren	5
1.2 Identifisering og prioritering av tryggingstiltak	6
1.3 Tryggleik, beredskap og kommunikasjonsvern.....	6
1.4 Tryggleik og beredskap mot uønskte hendingar	7
1.5 Vidareutvikle EkomCERT og samarbeidet med Nasjonal sikkerhetsmyndighet (NSM)	8
1.6 Samfunnkskritiske tenester i kommersielle nett.....	8
1.7 Legge til rette for nasjonal samordning av fiberinfrastruktur	8
1.8 Robin-rapporten	9
1.9 Førebyggje og handtere radiostøy.....	9
1.10 Følge opp Telenor si leveringsplikt for offentleg telefonteneste	10
2 Effektiv regulering og velfungerande marknader	12
2.1 Marknadsanalyse og eventuell konkurranseregulering.....	12
2.2 Gje innspel til felleseuropisk postregelverk.....	13
2.3 Nytt regelverk på ekomområdet og EECC	14
2.4 Sikre brukarvenleg tilgang til relevant og oppdatert deknings- og marknadsinformasjon	14
2.5 Fremje norske posisjonar i relevante organisasjonar	15
2.6 Avklare ansvar og samarbeid mellom Nkom og DSB	15
2.7 Vurdere behov for endringar i regelverk for autorisering av verksemder.	16
3 Nummerseriar, domenenamn, IP-adresser og frekvensressursar.....	17
3.1 Førebu og tildele frekvensar til 5G	17
3.2 Jordstasjonar på Svalbard og i Antarktis.....	19
3.3 Frekvensar til kringkasting	19
3.4 Nummerforvaltning	20
4 Halde samfunnet orientert og legge til rette for bruk av ny teknologi	22
4.1 Rettleie offentlege og private aktørar	22
4.2 5G og IoT	23
4.3 Delta i samfunnsdebatten	23
4.4 Vidareutvikle og etablere møteplassar	24
Økonomi, risikovurderinger og andre føresetnader og krav	25

1 Robuste, sikre og pålitelege ekomnett og -tenester

Nasjonal kommunikasjonsmyndighet skal bidra til å sikre at brukarane har tilgang til robuste, sikre og pålitelege elektroniske kommunikasjonsnett og -tenester med tilstrekkeleg kapasitet og funksjonalitet i heile landet.

1.1 Risiko- og sårbarheitsvurdering i ekomsektoren

Styrke robustheit i nasjonal digital infrastruktur. Særleg viktig er auka fiberkonnektivitet med utlandet, alternativt kjernenett og forsterka ekom.

Auka fiberkonnektivitet til utlandet

Nkom har i første tertial arbeidd med notifiseringsprosessen mot EFTA sitt overvakingsorgan (ESA) i samband med tilskot som skal leggje til rette for nytt robust og sikkert fibersamband til utlandet. Arbeidet blir gjort i tett dialog med Samferdselsdepartementet (SD) / Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) og Nærings- og fiskeridepartementet (NFD).

Alternativt kjernenett

I 2018 la Nkom fram forslag til pilotkonsept for alternativt kjernenett for SD. I første tertial 2019 vart eit pilottiltak retta mot Svalbardfiberen gjennomført. Nkom har også gått gjennom og drøfta dei ulike konsepta med Telenor, Broadnet, Altibox, Telia og Uninett, og ventar no på tilbakemelding frå aktørane om dei ønskjer å delta.

Forsterka ekom

Planlegginga av forsterka ekom i kommunane som er med i ordninga i 2019, er i sluttfasen.

Nkom ønskjer å etablere tiltak i Karmøy, Træna, Nordreisa, Vikna, Solund og Suldal

kommunar i år. Ramma for nye tiltak i 2019 er 51,3 mill kr. eks. mva.

Framdrifta i arbeidet med tiltaka i 2017-kommunane (fem kommunar) og 2018-kommunane (åtte kommunar), held fram i samsvar med planar og tiltaksskildringar. Fibersambandet mellom kommunane Lom og Stryn skal vere fullført i løpet av sommaren 2019.

1.2 Identifisering og prioritering av tryggingstiltak

Aktuelle tiltak basert på ei overordna risiko- og sårbarheitsvurdering for ekomsektoren.

Finnmarksprosjektet

Finnmark har vore utsett for fleire større ekomutfall dei siste åra, seinast i november 2018. Nkom har i første tertial etablert eit prosjekt som skal kartleggje og vurdere om kjernenettet i Finnmark er tilstrekkeleg robust, vurdert opp mot forsvarlegheitskrava i ekomlova. Prosjektet skal også vurdere eventuelle styresmaktfinansierte tiltak for ytterlegare å styrke infrastrukturen.

1.3 Tryggleik, beredskap og kommunikasjonsvern

- **Tilsyn med tilbydarane sine tiltak mot sabotasje, avlytting og integritetsbrot i mobilnetta.**
- **Identifisere grunnleggjande nasjonale funksjonar og peike ut skjermingsverdige objekt, infrastruktur og informasjonssystem.**
- **Vidareutvikle praksis, regelverk og verkemiddelbruk.**

Signaling

Nkom følgjer jamleg opp om tilbydarane etterlever tilrådde tryggleikstiltak for signaling i mobilnetta. I første tertial har Nkom henta inn informasjon om status for dei planlagde tiltaka, som blant anna installering av brannmurløysingar og betre monitorering og analyse av trafikk. Rapportane viser at tiltaka byrjar å kome på plass. Tiltaka skal bidra til å verne brukarane av mobilnetta mot sporing, manipulasjon og avlytting.

Ny tryggleikslov og grunnleggjande nasjonale funksjonar

Identifisering av grunnleggjande nasjonale funksjonar (GNF) i ekomsektoren og kva typar verksemder som har vesentleg innverknad på desse funksjonane, er sentrale moment i den nye tryggleikslova. I første tertial har Nkom hjelpt departementet i identifiseringsarbeidet gjennom jamleg dialog med ekomselskapa.

Nytt regelverk i ekomsektoren

Nkom har i første tertial følgt opp reguleringsprosessar nasjonalt og i EU i samband med gjennomføringa av NIS-direktivet i nasjonal rett. NIS-direktivet peikar på fleire nye aktørar og tenester som vil bli omfatta av lovpålagde tryggleikskrav og -rapportering, også innanfor ekomsektoren. Nkom har skrive høyringssvar på lovforslaget frå Justisdepartementet om nasjonal NIS-lov, der det blant anna blir peika på at tryggleikskrava i NIS vil gjelde Uninett Norid AS, som er registereininga for det nasjonale toppdomenet .no.

Kommunikasjonsvern

Nkom har jamleg dialog med dei største selskapa som tilbyr elektroniske kommunikasjonstjenester (typisk mobil- og breibandsselskap) om datalagring og kommunikasjonsvernet for persondata og annan informasjon som blir lagra og send ved hjelp av elektronisk kommunikasjon. I første tertial har Nkom gjennomført møte med mobilselskapa sine politisvarfunksjonar og Kripos i fellesskap. Dette er ein god arena for rettleiing og harmonisering av praksis på området. Det går føre seg ein diskusjon om den rettslege avveginga mellom teieplikta hos tilbydarane og politiet sitt behov for trafikkdata i etterforskning av alvorleg kriminalitet. Nkom har også gjennomført møte med Datatilsynet om praksis for utlevering av trafikkdata i bransjen.

1.4 Tryggleik og beredskap mot uønskte hendingar

Nkom skal ha tilfredsstillande tryggleik og beredskap for å handtere uønskte hendingar. Nødvendig grunnsikring skal øvast, haldast ved like og dokumenterast, blant anna for å bidra til vidareutvikling av totalforsvaret.

Nkom har høg aktivitet knytt til totalforsvaret av Noreg, og har i første tertial delteke i planlegging av øving Nordlys. Øvinga blir leidd av Politidirektoratet, og målet er å øve og vidareutvikle samarbeid og innsatsevne i både justis- og forsvarssektoren. Nkom har også teke del i planlegging av øving Trident Jupiter 19 og neste års sivile nasjonale øving (SNØ) Digital 2020. Nkom er også del av styringsgruppa og kjerngruppa for Digital 2020. Føremålet med denne øvinga er å redusere risikoen i samfunnet for digitale åtak ved å forbetre evna til å førebyggje, avdekke og handtere digitale hendingar. Øvinga vil leggje vekt på handtering av digitale hendingar som rammar fleire sektorar på tvers av samfunnet.

1.5 Vidareutvikle EkomCERT og samarbeidet med Nasjonal sikkerheitsmyndighet (NSM)

Nkom EkomCERT deltek i det operative tryggingsarbeidet saman med NSM NorCERT og dei andre sektorresponsmiljøa for å diskutere og gå gjennom trugslar, sårbarheiter og hendingar innanfor cyberdomenet. Samarbeidet inkluderer møte kvar veke, i tillegg til jamleg meldingsutveksling. Tema i første tertial har blant anna vore tryggleiksrisiko ved ruting av internetttrafikk og såkalla «bulletproof hosting», der eigar av innhald/informasjon på internett blir halden anonym og ikkje kan sporast av styresmaktene t.d. i ei politietterforsking.

I første tertial har Nkom EkomCERT også delteke i øvinga Locked Shields saman med NSM. Locked Shields var ei cyberøving i regi av NATO der ein blant anna øvde åtak på og forsvar av datanettverk. 24 land og 1200 deltakrarar var med. Nkom EkomCERT støtta her opp om NSM NorCERT si nasjonale leiarrolle i øvinga.

1.6 Samfunnskritiske tenester i kommersielle nett

Utgrei korleis dette kan gjennomførast og korleis det vil påverke konkurranseforholda. Arbeidet blir gjort i samarbeid med DSB.

Nkom og DSB samarbeider om å utgreie kva val som kan og må gjerast for å realisere avgjerda i regjeringa om at neste generasjon naudkommunikasjon skal vere del av dei kommersielle mobilnetta (KVU – konseptvalutgreiing). Konseptvalutgreiinga skal vere ferdig innan 1. juni 2020. Prosjektorganisering, grenseflater og ansvarsdeling mellom etatane er i stor grad avklart. Ei rekke arbeidspakker er definerte, og Nkom har ansvar for dekning, robustheit, tryggleik, konkurranse i mobilnetta og operatørmodellar. Arbeidet med å spesifisere krav til dekning, robustheit og tryggleik er starta.

1.7 Leggje til rette for nasjonal samordning av fiberinfrastruktur

Starte arbeidet med tvisteløysing og etablering av eit sentralt informasjonspunkt for fiberinfrastruktur.

Nkom er i tildelingsbrevet for 2019 tildelt midlar til nye stillingar til arbeidet med tvisteløysing, etablering av sentralt informasjonspunkt og samordning av fiberinfrastruktur. Vi ventar med

rekrutteringa til desse oppgåvene som følgje av at lovproposisjonen for breibandsutbyggings-lova ikkje er klar. Det interne arbeidet med prosjektorganisering osv, er starta.

1.8 Robin-rapporten

Utarbeide strategi for robuste og sikre nasjonale transportnett på grunnlag av rapport og samarbeid med bransjen.

I rapporten «Robuste og sikre nasjonale transportnett» (ROBIN-rapporten) frå 2017, har Nkom utforma forslag til målbilete for ein robust og sikker nasjonal transportnettinfrastruktur slik han bør sjå ut i 2025.

I første tertial har arbeidet med pilotar for alternative transportnett og arbeidet med tilrettelegging for sikre fibersamband til utlandet vore ein viktig del av dette strategiarbeidet.

1.9 Førebyggje og handtere radiostøy

Utvikle målbilete, system og metodar for å førebyggje og handtere utfordringane med radiostøy, sett opp mot navigasjonssignal og innføring av 5G.

GNSS1-prosjektet som Nkom og Norsk Romsenter driv saman, er godt i gang. Prosjektet går over to år og går i hovudsak ut på korleis oppdage forstyrningar av navigasjonssignal effektivt og korleis varslingsrutinane skal vere. Ved å opprette eit samarbeidsforum involverer vi alle relevante aktørar som i stor grad er avhengige av at satellittnavigasjonssystem som til dømes GPS, fungerer. Eit oppstartsmøte med desse aktørane er gjennomført, og konkrete arbeidsoppgåver i prosjektet er definerte.

Det er ulovleg å bruke jammarar i Noreg, men Nkom har likevel registrert auka bruk av slike til no i 2019. Gjennom eit tett samarbeid med Statens vegvesen har vi etablert ein målestasjon som kan oppdage jammarar i køyretøy langs ei innfartsåre til Trondheim. Eit tilsvarande punkt er under etablering i Oslo-området.

I mars 2019 sette Nkom i drift ein fjernmålestasjon nær Kirkenes. Denne stasjonen registrerer signal i ein stor del av frekvensspekteret. Dersom GPS-signal i området blir forstyrra, vil

stasjonen gje ein alarm i Nkom sine system. Stasjonen kan også identifisere «Spoofing»-åtak (brukaren får oppgjeve feil posisjon) som kan vere potensielt alvorleg til dømes for flytrafikk.

Nkom har planar om å etablere ytterlegare éin fjernmålestasjon i Aust-Finnmark. Dette vil gje sikrare målingar og høve for å krysspegle, slik at forstyrrande kjelder, som til dømes jammarar, kan lokaliseras.

I første tertial har Nkom også anskaffa ein drone. Denne blir brukt for å lokalisere støykjelder i område som er vanskeleg tilgjengelege.

Nkom har i samarbeid med Direktoratet for Strålevern og Atomtryggleik (DSA) gjennomført fleire målingar av stråling frå 5G-testnetta til Telenor og Telia. Målingane viser at strålingsnivåa er langt under gjeldande grenseverdiar, men Nkom vil følgje utviklinga nøye. 5G, stråling og metode for målingar har vore tema i internasjonale fora i første tertial, blant anna deltok Nkom på eit 5G-strålingsseminar arrangert av den franske regulatøren ANFR.

1.10 Følgje opp Telenor si leveringsplikt for offentleg telefonteneste

Følg spesielt opp pålegget om å levere telefontenester til befolkninga og «særlege tjenester til funksjonshemmede og andre med spesielle behov».

Avtalen om leveringsplikt på tilgang til offentleg telefonteneste og digitalt elektronisk kommunikasjonsnett mellom Telenor og staten, går ut 3. august 2019. Det er førebels ikkje avklart korleis leveringsplikta vil bli vidareført.

Telenor har kunngjort at selskapet skal fase ut koparnettet innan 2023 og at reparasjon og vedlikehald av nettet vil vere på eit minimum i overgangsåra. Dette nettet har i underkant av 430.000 husstandar som får levert fasttelefon og xDSL-breiband, i hovudsak frå Telenor sjølv, men også frå nokre selskap som leiger plass i Telenor sitt nett. Nkom følgjer derfor opp Telenor si forplikting til å tilby telefoni til alle husstandar. I første tertial har vi handtert ei rekke førespurnader frå publikum som fryktar at dei vil miste telefontenester i geografiske område der det er dårleg eller inga mobildekning, dersom Telenor faktisk ikkje reparerer øydelagde linjer. Somme sluttbrukarar opplever dessutan at Telenor sine målingar og dekningskart ikkje

stemmer overeins med eigne røynsler av dekninga i enkelte område. Sluttbrukarane er uroa for korleis dette vil påverke tenester som i dag baserer seg på koparnettet.

I mars 2019 bad Nkom Telenor om ei skriftleg tilbakemelding på fleire spørsmål om det planlagde teknologiskiftet, der koparnettet blir lagt ned. Selskapet har orientert Nkom om at planane for teknologiomlegginga ikkje skal føre til at nokon mister telefontilbodet. Der det ikkje finst andre alternativ for telefoni, vil feil på linjene bli retta også etter 1. mai. Forbrukarinformasjonen frå selskapet er også monaleg betra.

Då Telenor i mai 2017 sa opp den opphavlege avtalen om leveringspliktige tenester frå 2004 omfatta denne avtalen også tenester til funksjonshemma og andre sluttbrukarar med spesielle behov. Avtalen vart likevel forlengja med verknad fram til 1. september 2018 for denne tenestegruppa. I første halvdel av august 2018 påla SD Telenor å tilby tenester til personar med nedsett funksjonsevne. Dette vedtaket er klaga på, og klaga er til behandling i departementet. Telenor søkte om økonomisk dekning av kostnadene som vedtaket påfører Telenor. Denne søknaden vart avslegen av Nkom 3. april og er ikkje klaga på.

2 Effektiv regulering og velfungerande marknader

Nasjonal kommunikasjonsmyndighet skal bidra til å sikre effektiv regulering og leggje til rette for velfungerande post- og ekommemarknader.

2.1 Marknadsanalyse og eventuell konkuranseregulering

Gjennomføre marknadsanalyse og fatte vedtak om konkuranseregulering. Handheve gjeldande marknadsvedtak og gje rettleiing og eventuelt reagere ved brot.

Vedtak i breibandsmarknadene

Nkom fekk i slutten av januar 2019 klager frå Telenor, Broadnet og NextGenTel på Nkom sitt vedtak av 20. desember 2018 i grossistmarknaden for lokal tilgang til faste aksessnett (marknad 3a) og grossistmarknaden for sentral tilgang til faste aksessnett (marknad 3b). Nkom behandla klagene og oversende innstillinga si til Samferdselsdepartementet i slutten av mars med ei tilråding om at vedtaka blir haldne ved lag.

Nkom fullførte i januar 2019 marginskvistesting av Telenor sine tilgangsprisar for fiberbasert breibandsaksess, basert på data frå hausten 2018. Det var ikkje grunnlag for å påleggje Telenor retting av tilgangsprisane på bakgrunn av denne testen. Nkom henta i første tertial inn data for ny runde med marginskvistesting, som vil bli fullført i andre tertial.

Vedtak i grossistmarknaden for terminering i fastnett

19. mars 2019 fatta Nkom vedtak i marknadene for terminering av tale i fastnett (Marknad 1), der i alt ti tilbydarar vart peika ut som tilbydarar med sterke marknadsstilling. Alle tilbydarar vart pålagde ei rekke særskilde forpliktingar, medrekna maksimalprisregulering basert på ein oppdatert LRIC-modell¹. Nkom har ikkje fått klager på vedtaket.

—

¹ LRIC-modell (Long Run Incremental Costs) er ein modell som bereknar nettverkskostnader.

Ny vurdering av tilgangsmarknaden for mobiltenester

Nkom arbeider med ny analyse av marknaden for tilgang til og samtaleoriginering i mobilnett (Marknad 15). I analysen vurderer Nkom om det er grunnlag og behov for vidare regulering av denne grossistmarknaden. Nkom har i første tertial henta inn ytterlegare informasjon frå aktørane for å belyse marknadssituasjonen. Nasjonal høyring av varsel om vedtak er planlagd i juni, og notifikasjonsprosess hos ESA i er planlagd i september/oktober 2019.

Marginskvistestar i marknad 15

Gjeldande vedtak seier at Nkom skal undersøkje Telenor sine grossistprisar ved hjelp av ein marginskvistest kvar sjette månad. Det er eit pågåande arbeid med å teste for perioden september 2018 til februar 2019. Telenor har likevel alt redusert tilgangsprisar frå 1. mai 2019. Nkom er positiv til at Telenor sjølv bruker eigna verktøy og justerer prisane der det er nødvendig, utan føregåande pålegg frå Nkom som regulator.

2.2 Gje innspel til fellesueuropeisk postregelverk

Hjelpe departementet med implementering av EØS-regelverk og etablere funksjonar for nøytralt postnummersystem og etablere nemnd for forbrukarklager.

Nkom deltek aktivt i arbeidsgruppa i European Regulators Group for Postal Services (ERGP). Gruppa skal utarbeide forslag til tilrådingar frå ERGP til Europakommisjonen om nytt rammeverk for postregulering i Europa. Arbeidet starta i 2018 og har halde fram i 2019. For Noreg er det særleg viktig med fleksibilitet i det fellesueuropeiske postregelverket, slik at dei enkelte landa har høve til å tilpasse reguleringa til nasjonale forhold.

Nkom har i første tertial observert korleis andre land implementerer forordninga om grensekryssande pakkeleveringstenester i Europa. Røynsler frå andre land vil vere nyttige når Nkom skal hjelpe SD med gjennomføring av forordninga i norsk rett, og når Nkom skal sikre at aktørane etterlever forpliktingane i forordninga. Forordninga stiller nye krav til både posttilbydarar og tilsynsstyresmakter, blant anna når det gjeld innhenting, utlevering og vurdering av informasjon, og data om grensekryssande pakkeleveringstenester.

I september 2018 bad SD Nkom om å leggje til rette for overføring av forvaltninga av det offentlege postnummersystemet frå Posten Noreg AS til Nkom, slik at postlova §§ 35 - 36 kan

setjast i kraft. Nkom fekk også i oppdrag å gje SD tilrådingar for forvaltninga av postnummersystemet og tilhøyrande ny lov- og forskriftstekst. Arbeidet er starta opp.

2.3 Nytt regelverk på ekomområdet og EECC

Leggje til rette for møteplassar og sikre dialog, og implementere regelverk på linje med EFTA og EØS.

Nkom har kartlagt omfanget og innverknaden av det nye EU-regelverket for elektronisk kommunikasjon som skal inn i norsk ekomregelverk. I Europa skal regelverket vere innlemma i medlemsstatane sitt nasjonale regelverk innan utgangen av 2020. Norske styresmakter arbeider for at det skal ha verknad frå same tidspunkt i Noreg.

I første tertial har Nkom særleg sett på endringane som er knytte til marknadsregulering, Noreg si deltaking i BEREC og ulike rettar for kundar og brukarar. Nkom og SD har delteke i møte med EFTA-landa for å forme felles posisjonar til både EECC² og BEREC-forordninga. EFTA-landa har hatt møte og annan dialog med Kommisjonen for best mogleg å vareta EFTA-landa sine interesser ved innlemming av regelverket i EØS-avtalen. Nkom har i første tertial vore aktiv i BEREC, både gjennom posisjonen som vice chair i BERECs Mini Board, i førebuande møte (Contact Network) og plenarmøte, for å sikre norske interesser.

2.4 Sikre brukarvenleg tilgang til relevant og oppdatert deknings- og marknadsinformasjon

Nkom henta i første tertial inn data frå selskapa som tilbyr elektroniske kommunikasjonstenester, og publiserte heilårsstatistikk for 2018 i midten av mai 2019. Tala viser i hovudsak marknad i vekst, med høg omsetning, høg bruk av data og sterkt vekst i fiberutbygginga i 2018.

—
² European Electronic Communications Code

Nkom har berekna utviklinga i dekning av mobildata (4G), og publiserte informasjon om denne utviklinga i byrjinga av mai. Det er stor interesse for slike publikasjonar, og tala blir blant anna brukte av andre styresmakter, mobilskapar, media og i kommunal planlegging.

Nkom har starta ein tilbodskonkurranse for å inngå avtale om kartlegging av breibandsdekninga i Noreg i 2019. Rapporten blir publisert til hausten.

2.5 Fremje norske posisjonar i relevante organisasjonar

Aktivt delta og fremje norske forankra posisjonar og interesser i relevante internasjonale organisasjonar, både globalt og i EØS-samarbeidet.

Nkom har delteke i fleire relevante organ innan EØS-området for å fremje norske posisjonar. Direktøren er i 2019 medlem av BERECs Mini Board, og tok til i denne posisjonen i januar etter at Sveits ikkje lenger fekk vere observatør i BEREC og måtte forlate vervet sitt i Mini Board. Det følgjer stor aktivitet med vervet, og i første tertial har særleg posisjonen til land som ikkje er medlem av EU, vore tema. BEREC er 10 år i 2019, og dette jubileet medfører ein del ekstra aktivitetar.

2.6 Avklare ansvar og samarbeid mellom Nkom og DSB

Forvaltning av utstyr og installasjonar som er omfatta av el-tilsynslova og ekomlova.

Nkom og DSB har saman utgreidd ansvarsforhold og arbeidsdeling ved forvaltning av utstyr og installasjonar som er omfatta av ekomlova og el-tilsynslova. Direktørane i både DSB og Nkom er samde om at det er nødvendig å reindyrke og gå opp grenser mellom regelverk for radioutstyr og elektrisk utstyr, og vil også framover vurdere eventuelle andre område som ein bør gå gjennom.

Føremålet med arbeidet er å sikre at Nkom og DSB samhandlar på ein mest mogleg rasjonell og effektiv måte.

Nkom arbeider også med forslag til endring av relevante lover og forskrifter og spesifiserer ansvarsfordeling knytt til blant anna tilsyn, regelverksutvikling og rapportering. Det er tett kontakt

både med KMD og Justis- og beredskapsdepartementet (JD) for å avklare ulike tema som kjem opp undervegs.

2.7 Vurdere behov for endringar i regelverk for autorisering av verksemder.

Nkom-rapporten «Kvalifikasjonsprosjektet – Anbefaling om revidert autorisasjonsordning for installasjon og vedlikehold av elektroniske kommunikasjonsnett» frå 8. desember 2017, tilrår å revidere autorisasjonsordninga. SD/KMD har i svaret sitt bede Nkom om å følgje opp tilrådingane. Arbeidet har ikkje starta opp fordi DSB, og Nkom først må avklare ansvarsfordelinga knytt til autorisasjon mellom dei to etatane med sine respektive departement.

3 Nummerseriar, domenenamn, IP-adresser og frekvensressursar

Nasjonal kommunikasjonsmyndighet skal bidra til effektiv bruk av avgrensa ressursar, medrekna frekvensressursar, nummerseriar, domenenamn og IP-adresser.

3.1 Førebu og tildele frekvensar til 5G

Tilbydarane skal få tilgang til og ta i bruk tilgjengelege ressursar til nye tenester og teknologiar – særleg viktig for utvikling av 5G-nett.

700 MHz-bandet og 2,1 GHz-bandet

Dei endelige auksjonsreglane er no fastsette for den fyrste 5G-tildelinga i Noreg. Etter høyringa av dei detaljerte reglane for auksjonen, vart det avgjort at vinnande budgjevarar kan velje å utsetje betalinga av delar av auksjonsprisen og delar av frekvensavgifta. Motytinga for å utsetje betalinga av auksjonsprisen er at vinnaren må investere minst 250 millionar kroner i ny og betre mobildekning. Delar av frekvensavgifta kan utsetjast med ei rente tilsvarende NIBOR (6 månader) + 0,5 prosentpoeng. Auksjonen er planlagd å starte 3. juni 2019.

Tildelingar til 5G og mobilkommunikasjon dei nærmaste åra

Nkom skal tildele fleire frekvensressursar til 5G og annan mobilkommunikasjon fram til 2022. Ei rekkje frekvensband er aktuelle for tildeling dei komande åra, der 3400–3800 MHz og 26 GHz er særleg viktige, fordi dei er utpeika som pionerband for 5G. Vi har inngått avtale med Analysys Mason om bistand i dette arbeidet.

Auksjon av frekvensar til radiolinje

Etter at dei overordna reglane vart fastsette i 2018, sende Telia og ICE ei oppmoding til SD om å justere frekvenstakket. SD bad Nkom om å vurdere dei overordna reglane for tildelinga på nytt, og i januar presenterte vi eit nytt forslag for departementet. Dette forslaget er lagt ut for offentleg høyring, med svarfrist 24. mai. Auksjonen skal etter planen gjennomførast i siste kvartal 2019, men det er knytt stor uvisse til tidspunktet, då mellom anna høyringsinnspeila ikkje er ferdig vurderte.

Tildeling av 450 MHz-bandet

Frekvensbandet vart lyst ut som ledig i mars og Ice Norge AS (ICE) var einaste søker. Dei får dermed løyve til å nytte frekvensane i 450 MHz-bandet i 20 år. ICE skal betale eit vederlag på 5 millionar kroner for frekvensane. Frekvensane i 450 MHz-bandet er godt eigna til å gje god dekning. Desse frekvensane vil òg bidra til framleis god dekning for mobilt breiband i Noreg.

Frekvenskompasset

Den tredje oppdateringa av frekvenskompasset og eit samandrag som er omsett til engelsk, er publisert. Dei viktigaste oppdateringane i denne utgåva er:

- Informasjon om forslaget til europaparlamentet og -rådsdirektivet om etablering av ein europeisk kodeks for elektronisk kommunikasjon (Ekomkodeksen)
- Oppdatering av internasjonale studiar og avgjerder i fleire frekvensband
- Mindre justering av tildelingsplan i 450 MHz-, 700 MHz- og 2100 MHz-banda
- Oppdatert informasjon om status og utvikling i andre land

Tildelingar av 700 MHz- og 900 MHz-bandet offshore

Frekvensar som skal kunne nyttast til mobile tenester offshore, vart tildelte ved auksjon 9. april. Auksjonen vart gjennomført som ein lukka andreprisaauksjon, og fire budgjevarar var med. Telenor Maritime AS, Tampnet AS og Equinor Energy AS kjøpte frekvensar i auksjonen. Dei betaler til saman 3 419 000 kroner for å disponere 2 x 25 MHz i 700 MHz-bandet og 2 x 15 MHz i 900 MHz-bandet. Løyva i 700 MHz-bandet varer til 31. desember 2039 og løyva i 900 MHz-bandet varer til 31. desember 2033. Løyva på land og offshore har dermed same utløpsdato. 2 x 5 MHz i 700 MHz- og 900 MHz-bandet vart ikkje selt.

Ny konsesjon for TV-kringkasting

Staten betaler 150 millionar kroner til Norges televisjon (NTV) for delvis å dekkje kostnadene for ombygging av det digitale bakkenettet for TV-kringkasting. Dette gjer at 700 MHz-bandet kan nyttast til mobilt breiband og 5G frå 1. november 2019. Omlegginga fører til at bakkenettet for TV-kringkasting kan vidareførast med mindre frekvensressursar. NTV har vorte tildelt ny konsesjon for å drive bakkenettet for kringkasting fram til 2030 med bruk av frekvensane 470-694 MHz.

3.2 Jordstasjonar på Svalbard og i Antarktis

For å sikre korrekt nivå på tilsynet med jordstasjonane, er det viktig for Nkom å avklare kva jordstasjonar som treng løyve til å kommunisere med satellittar. Det er særleg stasjonar på skip og luftfartøy som har vore utfordrande. Ei tolking av dei nye forskriftene om etablering, drift og bruk av jordstasjon for satellitt på Svalbard og i Antarktis er publisert. Her slår Nkom fast kva føresetnader som må vere til stades for at ein jordstasjon ikkje treng løyve etter forskriftene.

Nkom gjennomførte tilsyn med utvalde jordstasjonar på Svalbard i veke 11, og vi arbeider med å analysere data frå dette tilsynet.

Nkom jobbar med å utvikle dataverktøy for å analysere kva for satellittar jordstasjonane har kommunisert med. Arbeidet starta hausten 2018 og er planlagt ferdig sommaren 2019. Eit slikt verktøy vil forenkle arbeidet med tilsyn av jordstasjonar og førebu oss på ei framtid med stadig meir satellittaktivitet på Svalbard og i Antarktis.

3.3 Frekvensar til kringkasting

Forlenging av lokalradio på FM

Medietilsynet fekk i oppdrag av Kulturdepartementet å kartlegge grunnlaget for ei eventuell forlenging av lokalradioane sine konsesjonar på FM etter 2021. I samband med Medietilsynet sitt arbeid med å kartlegge grunnlaget for eventuell vidare distribusjon av lokalradio i FM-nettet, har vi vurdert frekvensbruken ved ei eventuell forlenging. Medietilsynet har sendt ein rapport til Kulturdepartementet, inkludert Nkom sine vurderingar.

Riksblokk II

Kulturdepartementet og Samferdselsdepartementet har gjeve Medietilsynet og Nkom i oppdrag å greie ut korleis Riksblokk II-ressursen kan utnyttast i samsvar med medie- og frekvenspolitiske målsetnader. Utgreiinga skal danne grunnlag for ei politisk avgjerd om korleis frekvensane skal nyttast i framtida. Saman med Medietilsynet har vi spurt marknaden om innspel til korleis Riksblokk II bør nyttast. Nkom og Medietilsynet skal levere sluttrapporten i juni. Fram til ei eventuell ny tildeling av Riksblokk II, har Medietilsynet og Nkom vurdert om det bør etablerast ei førebels løysing for dei aktørane som alt nyttar Riksblokk II. Dette gjeld i

Sunnhordland og Rogaland. Medietilsynet og Nkom sitt forslag til ei førebels løysing har vorte sendt til Kulturdepartementet og Samferdselsdepartementet.

Trådlause mikrofonar

Frå 1. november 2019 kan 700 MHz-bandet nyttast til mobilkommunikasjon. I dag er frekvensane mellom anna i bruk til trådlause mikrofonar. Frekvensar som i dag kan nyttast til trådlause mikrofonar i frekvensområdet 510-790 MHz, er vist på Finnsenderen.no. Saman med andre frekvensressursar som kan nyttast til trådlause mikrofonar, er bruken regulert gjennom «Fribruksforskrifta». Nkom kartlegg no bruken av finnsenderen.no og frekvensbehov for trådlause mikrofonar, med høyringsfrist 3. mai. Planen med kartlegginga er å finne tilstrekkeleg med ressursar for å dekkje behova for bruk til trådlause mikrofonar.

3.4 Nummerforvaltning

Forvalte norske nummerressursar for å leggje til rette for innovative tenester (IoT).

I april vart forslag til endringar i ekomlova om prisregulering av spesialnummer, internasjonale samtalar og SMS godkjent i statsråd og oversendt Stortinget. Nkom har hjelpt departementet i dette arbeidet sidan oppstarten i 2018. Stortinget skal etter planen behandle lovendringa (Prop. 104 L 2018 - 2019) i juni 2019. Dersom forslaget om prisregulering av oppkall til spesialnummer blir vedteke, vil det gje heimel til å regulere grossist- og sluttbrukarprisar til spesifikke nummerseriar, slik som 5-sifra nummer. Ei slik regulering gjer at nummerserien igjen kan brukast til kundeservicetenester, utan å kome i konflikt med marknadsføringslova.

I slutten av mars kunngjorde Nkom høyring om endringar i nummerforskrifta. Høyringa handla blant anna om forslag om bruk av norske M2M/IoT³-ressursar i utlandet og avgift for 5-sifra telefonnummer. Forslaget er eit ledd i arbeidet Nkom gjer for å sikre at nummerforvaltninga legg til rette for utvikling og innovasjon.

³ Maskin til maskin kommunikasjon/Tingenes internett

På oppdrag frå departementet utarbeidde Nkom i april eit forslag til høyringsbrev og endringar i ekomforskrifta som presiserer kravet i ekomlova § 2-4 til eintydig identifisering av sluttbrukar. Dersom endringane i ekomforskrifta blir vedteken, vil det gje Nkom betre høve til å føre tilsyn med korleis teleselskapa identifiserer kundane sine.

4 Halde samfunnet orientert og leggje til rette for bruk av ny teknologi

Nasjonal kommunikasjonsmyndighet skal bidra til at det norske samfunnet er best mogleg orientert om utviklinga innanfor dei områda myndigheten har ansvar for, og leggje til rette for innovasjon og bruk av ny teknologi.

4.1 Rettleie offentlege og private aktørar

Rettleie om regelverk, sårbarheiter vernetiltak og viktige moment ved anskaffing av ekomløysingar.

Nkom rettleier ved behov tilbydarar om anskaffingar, utkontraktering og tenesteutsetjing til utlandet, og har publisert eigne rettleiarar på nkom.no. Nkom leier også Samvirkegruppen for sikkerhet og beredskap i ekomnett (SBEN), som består av dei åtte største tilbydarane.

Nkom har eit eige rettleiingsforum for tilbydarane sine tryggleiks- og beredskapsplikter, der dei største tilbydarane tek del. Forumet har hatt eitt møte i første tertial, og har etablert ei eiga arbeidsgruppe som skal utarbeide ei rettleiing. Tema er forsvarlegheitskravet i ekomlova.

Nkom leier Ekomsikkerhetsforum, som består av tryggleiksstyresmaktene og tilbydarar underlagde tryggleikslova. Forumet skal sikre ei gjensidig og oppdatert forståing av trugselbiletet på både gradert og ugradert nivå. Forumet har gjennomført eitt møte i første tertial.

Nkom har i første tertial bidrige med informasjon om sårbarheiter i ekominfrastrukturen i EU-prosjektet MEREPUV i regi av DSB. Prosjektet kartlegg sårbarheiter og aktuelle tiltak innanfor ulike sektorar i utvalde storbykommunar. Nkom bidrog ved å undersøkje forholdet mellom straumforsyningstryggleik og ekomutfall i Stavanger kommune.

4.2 5G og IoT

Informere samfunnet om moglegheiter og utfordringar knytte til innføring av 5G og Internet of Things (IoT).

I mars 2019 inviterte Nkom styresmakter, forbrukarorganisasjonar og bransjeaktørar til eit fagleg djupdykk om IoT. Føremålet var å presentere og diskutere spørsmål innanfor tryggleik, standardisering, konkurranse, radiostøy, stråling m.m. Vi har i etterkant fått mange gode tilbakemeldingar på dette initiativet, noko som viser at IoT er eit tema som svært mange er opptekne av. Spesielt fekk Nkom mange tilbakemeldingar på behovet for regulering innanfor IKT- produkttryggleik for IoT.

EU-kommisjonen har teke fleire initiativ for å setje krav til tryggleik og personvern og for å auke forbrukarane sin tillit til radioutstyr som er tilkopla og/eller kan kontrollerast frå internettet. Nkom følgjer opp dette arbeidet som ein del av arbeidet med Radioutstyrsdirektivet.

4.3 Delta i samfunnsdebatten

Delta på ulike arenaer og syte for at myndigheitsutøvinga innanfor ekom- og postregelverket er synleg.

Nkom er aktiv på ei rekke arenaer, både i bransjen og saman med andre styresmakter, og held innlegg om ansvarsområda våre. Vi deltek også i ei rekke møte anten saman med enkelte bransjeaktørar eller grupper av interessentar. I første tertial er det særleg fiberkablar i Noreg og til utlandet, førebuing til prosess for ny naudkommunikasjon og tryggingsspørsmål i elektronisk kommunikasjon som har vore mest på agendaen. Det er nødvendig både å bruke tid i opne fora, og halde ved like rolla Nkom har som leiar og fasilitator på arenaer der også avgrensa informasjon kan drøftast mellom ulike interessentar.

Nkom si leiing er direkte tilgjengeleg for media, og vi er godt synlege i dagsmedia. I første tertial har det særleg vore i saker om frekvensforvaltning, tryggleik for brukarane og forstyrringar av luftrafikken (både rutegåande og ambulansefly) der Nkom har vore kjelde.

Etter ei sak som handla om fare for kundane sine personopplysningars når dei byter mobiltskap, fekk Nkom i oppdrag av KMD å føreslå tiltak for å sikre ein tydig identifisering endå betre enn i dag. Forslaget vart levert i april.

Det er også stor interesse for Nkom sitt arkivmateriale og løpende saksbehandling. I første tertial, som i nokre tidlegare periodar, har det vore så mange innsynskrav etter offentleglova frå enkeltpersonar, at det trugar effektiviteten vår på enkelte saksområde. Tiltak er sette i verk for å hjelpe på presset, og for å prøve å unngå at produksjonen blir skadelidande. Dette gjeld særleg på område der enkeltpersonar og næringsdrivande er avhengige av sertifikat og løyve frå Nkom.

4.4 Vidareutvikle og etablere møteplassar

Vidareutvikle og etablere møteplassar for bransje og styresmakter med tilgrensande ansvarsområde.

Nkom har i første tertial hatt tett kontakt med Naudnett (DSB) og Forsvaret for å vareta deira framtidige behov for sikker kommunikasjon. Informasjonsarbeidet og dialogen med fylkesmennene og beredskapsorganisasjonane deira er også ført vidare. Nkom har også eit pågående samarbeid med Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE), Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB), Nasjonal tryggleiksmyndighet (NSM), Politidirektoratet (POD) og andre styresmakter. Målet er betre samordning innanfor hendingshandtering, og styrking av infrastruktur, tilsyn og øvingar. Direktøren for Nkom har fast plass i Sentralt totalforsvarsforum. Tryggleksdirektøren vår har i første tertial delteke på DSB sitt nordiske sjefskurs, der særleg grensekryssande kriser er tema.

Nkom har i tertialet gjennomført nettmøte med aktørane i ekombransjen og politiet om problem med urettmessig manipulering av nummervising, såkalla spoofing. Problemet har auka, og berekningar frå 2017 tilseier at det er over ein million slike oppkall årleg, berre i Noreg. Nkom har teke initiativ til ei teknisk bransjegruppe som skal jobbe med moglege tiltak. Gruppa vil rapportere til den nasjonale arbeidsgruppa Nkom har for nummerspørsmål i juni.

Nkom har kontakt med Tolletaten for å styrke innførselskontrollen av produkt som kan vere ulovlege å bruke i Noreg. Mykje av dette utstyret, som til dømes jammarar, er kjøpt frå

utanlandske leverandørar. Omsetninga av slike produkt kan best følgjast opp i grensekontrollen.

Nkom og Tolletaten arbeider no med ein samarbeidsavtale for å sikre god kontakt mellom etatane, skildre samarbeid om varekontroll og sikre god kommunikasjon og informasjonsutveksling. Spesielt er det viktig å dele informasjon om produkt med stor risiko, slik at desse kan stoppast ved innførsel. Informasjon frå Tolletaten sine system kan vere nyttig for å analysere omsetning og oppfølging av desse produkta i Noreg og i EØS elles.

Økonomi, risikovurderingar og andre føresetnader og krav

Risikovurdering

I Nkom er mål- og resultatstyring eit grunnleggjande styringsprinsipp. For å få til dette på ein god måte er risikovurderingar og risikostyring ein integrert del av verksemddsstyringa. Leiinga i Nkom har god kjennskap til forhold som kan påverke måloppnåinga. Risikostyringsprosessen gjev leiinga eit godt grunnlag for å planleggje, prioritere og ta riktige avgjerder. Vedlagt tertialrapporten er ei eiga risikovurdering av hovudmåla i tildelingsbrevet og tre sentrale område som går på tvers av målstrukturen. Risikovurderinga har særskilt omtale av dei aktivitetane som er kategoriserte i oransje og raud sone i risikokarta.

Oppgåvene under kvart enkelt hovudmål er vurderte separat, og for kvar av desse er det kartlagt risikoreduserande tiltak. Risikoene utgjer dermed summen for alle aktivitetane. Karta viser kva risiko som er knytt til oppfylling av dei ulike aktivitetane for kvart hovudmål.

Tilsvarande er også gjort for dei tre områda som gjeld budsjettet, effektiv ressursbruk og at Nkom driv i samsvar med lover og reglar.

Effektivisering

Leiinga i Nkom har ein klar målsetnad om at verksemda skal ha effektiv ressursbruk og god styring og kontroll innanfor strategisk viktige område. Styringsindikatoren «Delen administrative utgifter» har lege stabilt på cirka 20 prosent på årsbasis dei seinaste åra, og dette er vi nøgde med.

Avbyråkratiserings- og effektiviseringsreforma inneber at løyvinga på post 01 i 2019 er redusert med 1,0 mill. kroner. Med aukande oppgåvetilfang er det krevjande å innarbeide kutt i Nkom sine budsjett. I 2019 er det samtidig ein forholdsvis stor auke i oppgåveomfang og løyving, som følgje av blant anna satsinga på forenkla fiberutbygging.

Indikatorer	per april 2017	per april 2018	per april 2019
KPI1: Lønnsutgifter per årsverk	885 320	913 375	954 020
KPI2: Totalutgift per årsverk	1 289 261	1 297 546	1 319 167
KPI3: Lønnsutgiftandel	0,69	0,70	0,72
KPI4: Andel administrative utgifter	0,22	0,21	0,21
KPI5: Administrative utgifter per årsverk	288 760	267 556	279 382

Per utgangen av første tertial er Nkom sitt årsverkforbruk på 49, tilsvarende som i første tertial 2018. Administrasjonsutgiftene utgjorde 13,8 mill. kr, og det er ein auke på 0,7 mill. kr samanlikna med 2018. Administrasjonsutgiftene er forholdsvis konstante, så auken skriv seg berre frå periodisering.

Ved utgangen av første tertial var det 164 tilsette i Nkom. Av desse var fire i mellombelse stillinger. Kjønnsfordelinga er 38 prosent kvinner og 62 prosent menn. Av 19 leiarar er fem kvinner, noko som gjev ein kvinnedel på 26 prosent. Av 164 tilsette har åtte minoritetsbakgrunn, det utgjer om lag fem prosent. Nkom utdannar for tida to lærlingar, ein i IKT-servicefag og ein i kokkefaget. I første tertial var sjukefråværet 3,7 prosent.

Samfunnstryggleik

Arbeidet med samfunnstryggleik skal kunne målast, sporast og vere systematisk. Etatane skal særskilt prioritere:

- Klimatilpassing
- Informasjons- og IKT-tryggleik
- Sikring av kritiske objekt, system og funksjonar

I første tertial fekk Nkom 49 varsel knytte til uønskte ekomhendingar (utfall i mobil- og breibandsnett er dei vanlegaste). Nkom heva intern vaktberedskap ved 31 av desse hendingane. Nkom undersøkjer rutinemessig større uønskte hendingar, blant anna ved å hente inn hendingsrapportar og ytterlegare opplysningar frå tilbydarane. I januar 2019 hadde Nkom telefonmøte med Telenor som eit ledd i oppfølginga av eit utfall i Finnmark i slutten av november 2018. Utfallet fekk stor medieoppmerksemd. Opplysningane blir gått gjennom og vurderte i Nkom sin eigen rapport om hendinga.

Ice hadde fleire utfall i 2018, og Nkom har i første tertial 2019 henta inn opplysningar og hatt møte med Ice for å følgje opp desse utfalla.

I februar påla politiet Telenor, Telia og Ice å stengje ned mobilnetta i området som dekkjer flyplassen i Alta, etter ein bombetrugsel mot eit fly. Nkom har utarbeidd prosedyrane som gjeld for stenging av mobilnett i krisesituasjonar i samarbeid med politi og tilbydarane. Hendinga i Alta var første gong desse prosedyrane vart sette i verk. Nkom har i etterkant evaluert hendinga og hatt møte med dei involverte. Eitt av funna frå evalueringa er at prosedyrane bør øvast for å sikre betre kunnskap og forståing av prosedyrane både hos politiet og tilbydarane.

Nkom har i første tertial henta inn tre rapportar frå tilbydarane for å følgje opp ulike hendingar:

- I februar vart Nkom varsle om feilruting av oppkall til 113 i Telia sitt nett i Bodø, der oppkall til AMK-sentralen ikkje gjekk gjennom.
- I mars oppstod eit utfall hos Telenor i Nord-Odal kommune i samband med planlagt arbeid. Utfallet ramma mobil tale, data og meldingstenester, breiband og fasttelefoni.
- I april vart Nkom varsle om at abonnentar hos Ice ikkje kom gjennom ved oppringing til naudnummer 112. Feilen var tilsynelatande knytt til ei programvareoppdatering i operativsystemet i telefonane.

Økonomi

Rekneskapen til Nkom viser interne kostnader og inntekter sett opp mot løyvinga for året. Disponible midlar består av løyvinga i tildelingsbrevet for 2019 og midlar overførte frå 2018. Budsjett- og rekneskapstal er gjevne opp i samsvar med kontantprinsippet.

Økonomisk status pr 30.04.2019					Tall i mill.kr
Kap./post	Beskrivelse	Regnskap	Budsjett	Avvik	Tildeling inkl overf.fra 2018
1380/01	Driftskostnader	65,0	66,9	1,9	224,6
1380/45	Større utstyrssanskaffelser og vedlikehold	2,4	2,3	0,0	26,4
1380/70	Tilskudd telesikkerhet og beredskap	4,8	15,0	10,2	314,3
1380/71	Tilskudd bredbåndsutbygging	0,0	0,0	0,0	199,9
1380	Sum kostnader	72,2	84,2	12,1	765,2
4380/01	Diverse gebyrer	-0,1	-0,1	0,0	-0,6
4380	Sum inntekter, kap 4380	-0,1	-0,1	0,0	-0,6
5577/75	Sektoravgifter til Nkom	-39,9	-46,6	-6,7	-243,4
5577	Sum inntekter, kap 5577, post 75	-39,9	-46,6	-6,7	-243,4

Tabell 1: Budsjett- og rekneskapstal

Mindreforbruket på post 01 i første tertial kjem av at enkelte utgifter forfall seinare enn føresett ved budsjettfastsetjinga, altså eit periodiseringsavvik. I samband med satsinga på forenkla fiberutbygging, har Nkom i 2019 ein relativt stor auke i budsjettet. I revidert nasjonalbudsjett er denne løyvinga på post 01 redusert med 3,9 mill. kr, samtidig som 6 mill. kr er overført til post 45. Vi forventar at driftsbudsjettet balanserer ved utgangen av året, medan det på post 45 kan bli behov for å overføre budsjettmidlar.

Løyvingane på post 70 og 71 er venta brukte heilt og fullt.

Utgifter Kapittel 1380

Post 01 Driftskostnader	Tall i mill. kr
Bevilgning	224,6
Overført fra 2018	0,0
Sum bevilgning post 01	224,6
Regnskap pr 30. april	65,0
Budsjett pr 30. april	66,9
Avvik	1,9

Tabell 2: Driftskostnader

Mindreforbruket gjeld eit periodiseringsavvik knytt til leige av datasystem, og reise- og kursutgifter. Heile løyvinga er forventa brukt inneverande år.

Post 45 Større anskaffelser og vedlikehold	Tall i mill. kr
Bevilgning	16,4
Overført fra 2018	10,0
Sum bevilgning post 45	26,4
Regnskap pr 30. april	2,4
Budsjett pr 30. april	2,3
Avvik	0,0

Tabell 3: Større anskaffingar og vedlikehald

Det er budsjettbalanse per første tertial 2019, men det vil kanskje vere behov for å overføre budsjettmidlar til 2020.

Post 70 Tilskudd til telesikkerhet og-beredskap	Tall i mill. kr
Bevilgning	183,0
Overført fra 2018	131,3
Sum bevilgning post 70	314,3
Regnskap pr 30. april	4,8
Budsjett pr 30. april	15,0
Avvik	10,2

Tabell 4: Tilskot til teletryggleik og beredskap

Nkom er tildelt 183 mill. kr i tilskotsmidlar til teletryggleik og beredskap, tilsvarande som for 2018. Samtidig vart det overført 131,3 mill. kr frå 2018, slik at disponibelt beløp på post 70 er 314,3 mill. kr.

I 2019 er det løyvd 40 mill. kr for å leggje til rette for fiberkabler til utlandet, og ytterlegare 40 mill. kr til pilot for alternativt kjernenett.

<u>Post 71 Tilskudd til bredbåndsutbygging</u>		Tall i mill. kr
Bevilgning		199,8
Overført fra 2018		0,1
Sum bevilgning post 71		199,9
Regnskap pr 30.april		0,0
Budsjett pr 30. april		0,0
Avvik		0,0

Tabell 5: *Tilskot til breibandsutbygging:*

Tilskotsmidlar til breibandsutbygging utgjer 199,75 mill. kr, og dette er ein auke på 50 mill. kr frå 2018. Tilskota bidreg til utbygging av breiband i område der det ikkje er kommersielt grunnlag for investeringar. Utbetalingar til fylkeskommunar vil i all hovudsak skje i tredje tertial.

Inntekter Kapittel 4380 og 5577

Økonomisk status pr. 30.04.2019		Tall i mill.kr			
Kap./post	Beskrivelse	Regnskap	Budsjett	Avvik	Bevilgning 2019
4380/01	Diverse gebyrer	-0,1	-0,1	0,0	0,6
4380	Sum inntekter	-0,1	-0,1	0,0	0,6

Tabell 6: *Inntekter kapittel 4380*

Per første tertial er det inntektsført 0,1 mill. kroner knytt til gebyr. Vi forventar budsjettbalanse ved utgangen av året.

Økonomisk status pr. 30.04.2019		Tall i mill.kr			
Kap./post	Beskrivelse	Regnskap	Budsjett	Avvik	Bevilgning 2019
5577/75	Sektoravgifter til Nkom	-39,9	-46,6	-6,7	243,4
5577	Sum inntekter	-39,9	-46,6	-6,7	243,4

Tabell 7: *Inntekter kapittel 5577*

Inntektsført beløp per første tertial er 6,7 mill. kroner under budsjett. Utfakturering for enkelte forvaltningsområde har skjedd noko seinare enn opphavleg planlagt. Samla for kapittel 4380 og 5577 forventar vi balanse ved slutten av året.

Inntekter kapittel 5583

Økonomisk status pr. 30.04.2019				Tall i mill. kr	
Kap./post	Beskrivelse	Regnskap	Budsjett	Avvik	Årsbudsjett
5583/70	Femsifret nummerserieforvaltning	-0,1	-0,1	0,0	-21,6

Tabell 8: Inntekter kapittel 5583

Det er per første tertial inntektsført 0,1 mill. kroner i avgifter til staten som gjeld femsifra nummerforvaltning. Utfakturering til aktørane i marknaden vil skje i andre tertial 2019.